

MÅLBRUKSPLAN

FOR

ULLENSVANG HERAD

1. Målform

Ullensvang heradsstyre har tidlegare gjort vedtak om å nytta nynorsk som administrasjonsmål.

Vedtaket i sak H 21/81 i heradsstyremøte den 2. mars 1981 lyder slik:

*Ullensvang brukar nemningane herad og heradsstyre.
Heradet vel nynorsk som offisiell målform og krev at dette vert nytta i administrasjonen og alt offentleg brevsifte.*

Med tilvising til dette vedtaket er dei tilsette og folkevalde pålagde å nytta nynorsk skriftspråk i tenesta.

Etter lov om målbruk i offentleg teneste pliktar statsorgan å nytta nynorsk i alt brevsifte med heradet.

2. Språkpolitisk målsetjing

Skriftspråket som vert nytta i heradsadministrasjonen må vera så godt og variert som mogleg, og liggja rimeleg nær opp mot talemålet i heradet. Heradet ynskjer eit enkelt, klart og brukarvenleg språk.

Målføret (dialekten) er ein svært viktig del av den lokale kulturen. Heradet ser det difor som ei sentral oppgåve å verna om målføret i Ullensvang gjennom levande bruk og medviten utvikling.

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna vert lagt i barnehagane og skulane. Det er viktig at bruk av nynorsk og dialekt vert nytta i størst mogleg utstrekning, også i songar, opplesing, leikar oa.

3. Retningsliner for skriftspråket i heradsadministrasjonen

Det skal nyttast:

- * dobbel bunden form (td det vedtekne budsjettet)
- * partisippbøying av verb (td brevet er skrive - breva er skrivne)
- * høfleg form (De - Dykk - Dykkar) i skriv til einskildpersonar eller grupper når dette er
- * naturleg ut frå innhald og mottakar

Skriftspråket skal vera enkelt, forståeleg og liggja nær opp til talemålet. Det bør såleis nyttast:

- * a-infinitiv i alle verb (td å skriva)
- * me (i staden for vi)
- * sideformer (klammeformer) når desse er meir i samsvar med vår dialekt
- * lokale ord og uttrykk som er vanlege i Ullensvang
- * ei personleg form der me unngår det upersonlege *ein*, og brukar eg eller me i staden
- * norske ord i staden for framandord, så sant det let seg gjera

4. Tiltak

Opplæring

Heradet tek sikte på å gje alle heradstilsette som i sine stillingar har bruk for det, tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk målbruk. For sakshandsamarar skal slike kurs vera obligatoriske. Dette bør vera med i opplæringsplanen for heradet.

I utlysing av ledige stillingar der det vert stilt krav til skriftleg framstilling, skal det stå at administrasjonsmålet er nynorsk.

Hjelpemiddel

På alle kontor i heradet skal det vera nynorsk ordliste og fornorskingsordbok av nyare dato. Dei tilsette skal gjera seg kjende med nynorske fagord på sine arbeidsfelt. Dei må søkja råd og rettleiing når dei er usikre i målspørsmål, særleg gjeld dette skriv og meldingar som går ut til ålmenta.

Nynorsk materiell

Heradet skal syta for at alle skjema, blankettar, kvitteringshefte og liknande som vert nytta i heradet, er på nynorsk.

Alle tilsette skal sjå til at offentlege organ tek omsyn til dei språklege rettane heradet har. Saker der dette ikkje vert gjort, skal takast opp.

Alt skriftleg tilfang som vert nytta i skular og barnehagar, skal vera på nynorsk så langt råd er. Heradet må arbeida for å få ordbøker og lærebøker med a-infinitiv.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar er ein naturleg samarbeidspartnar i det nemnde arbeidet.

Stadnamn

Alle lokale stadnamn, td i skriv, på kart og skilt, må skrivast korrekt. Det må også leggjast vekt på at uttalen er i samsvar med målføret.

Nye byggjefelt og vegar må få lokale namn.

Vedteken i heradsstyret 15.12.97, sak 91/97